



**Stryn kommune**

2019

## Planprogram for Kommunedelplan for avløp og overvatn



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

**Kommunedelplan**

Kommunestyret XX.XX.XXXX  
Sak XX/XXX Dokument XX

# INNHALD

Innhald	1
<b>1. Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Planavgrensing	3
1.3 Føremålet med ny kommunedelplan for avløp og overvatn	3
1.4 Gjeldande kommunedelplan for avløp og overvatn	3
1.5 Samfunnsdel	3
1.6 Arealdel	4
1.7 Tilhøve til andre planar	4
<b>2 Råmer for planarbeidet</b>	<b>4</b>
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Regionale føringar	4
2.3 Krav om konsekvensutgreiing	5
2.4 Samfunnstryggleik	5
<b>3 Planprosessen</b>	<b>5</b>
3.1 Organisering	5
3.2 Medverknad	5
3.3 Framdriftsplan	6
<b>4 Framlegg til program for planarbeidet</b>	<b>6</b>
4.1 Viktige utfordringar	6
4.2 Aktuelle fagutgreiingar	6
4.2.1 Generelt	7
4.2.2 Fagutgreiingar for avløp	7
4.3 Overvatn – aktuelle fagutgreiingar	7
<b>5 Innspel til planen</b>	<b>8</b>
5.1 Grunnlagsmateriale	8
5.2 Konsekvensar av planen	8
5.3 Sluttproduktet – kommunedelplan for avløp og overvatn	8

# 1. INNLEIING

## 1.1 BAKGRUNN

Stryn kommune har ikkje ein gjeldande kommunedelplan for avløp og overvatn. Det har vore saneringsplanar for avløp tidlegare, men desse er å rekne som utdaterte. Det skal difor lagast ein ny kommunedelplan for avløp og overvatn, som skal gjelde frå den vert vedteken og til den evt. vert rullert.

Planen skal ha status som tematisk kommunedelplan etter plan – og bygningslova. Jamfør denne lova skal det utarbeidast eit planprogram, som sett fram kva som er føremålet med planen, kva som skal utgreiast.

## 1.2 PLANAVGRENSING

Denne planen skal gjelde for heile Stryn kommune. Den vil gjelde for både privat og offentleg infrastruktur for avløp og overvatn. Planen omhandlar alle vassressursane i Stryn kommune og alle avløpsløyser. Drikkevatt er ikkje ein del av planen.

## 1.3 FØREMÅLET MED NY KOMMUNEDELPLAN FOR AVLØP OG OVERVATN

Stryn kommune ser fleire utfordringar knytt til infrastrukturen for avløp og overvatn. Modernisering er naudsynt på fleire område. Dette går på å møte krav frå mynde, innbyggjarar og klimaendringar og behov for eigne tilsette i drifta. Desse utfordringane vert nærare skildra i kapittel 3 i dette dokumentet. Det viktigaste fokuset i planen vert å lage gode nye løysingar for avløp i tettstadene Stryn og Loen.

## 1.4 GJELDANDE KOMMUNEDELPLAN FOR AVLØP OG OVERVATN

Stryn kommune har ingen gjeldande kommunedelplan for avløp og overvatn.

## 1.5 SAMFUNNSDEL

Samfunnsdelen skal skildre og ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen gjev føringar for kommunedelplanar gjennom målsetjingar og strategiar. Handlingsdelen skal seie noko om prioriteringane til kommunen, korleis ressursar skal nyttast, korleis planar som skal lagast og gje tiltak som skal gjennomførast.

I Stryn kommune sin samfunnsdel er det fleire målsetjingar som er relevante for kommunedelplan for avløp og overvatn:

- 5.1.2 sett mål om gode rekreasjonsområde for innbyggjarane
- 5.5.1 skildrar aktuelle område å sikre som badestrender
- Kapittel 6 seier at kommunen skal bidra til å følgje opp måla i vassforskrifta og korleis dette skal skje
- I kapittel 8 skildrar planen avløp, det heiter:
  - «Behov for sanering av kombinerte anlegg»
  - «Lekkasjar på private slamavskiljarar og leidningsanlegg»

Det er altså gjeve fleire føringar i samfunnsdelen, kommunedelplan for avløp og overvatn skal utfylle og konkretisere desse.

## 1.6 AREALDEL

Arealdelen er det overordna styrande dokumentet for arealbruk i kommunen, det syner korleis arealet i kommunen skal nyttast. Den knytt arealbruken opp mot målsetjingane til kommunen og syner korleis samfunnsutviklinga og arealbruk påverkar kvarandre.

Kommunedelplan for avløp og overvatn må byggje på både samfunnsdel og arealdel. Overordna målsetjingar som er sett fram i desse vert skal vere del av grunnlaget for sektorspesifikke målsetjingar innanfor avløp og overvatn. Slik skal kommunedelplan avløp og overvatn vere med å dra i same retning som er sett fram i kommuneplan.

Kommunedelplan for avløp og overvatn *kan* skildre tiltak som gjev konsekvensar for arealbruken i Stryn kommune. Mest aktuelt kan dette vere med bygging av infrastruktur, som pumpestasjonar eller reinseanlegg, eller ved å leggje restriksjonar rundt slike bygg eller ferskvassressursar.

## 1.7 TILHØVE TIL ANDRE PLANAR

Frå handlingsdel med økonomiplan (2019) visast det til følgjande prioriterte tiltak:

- OV-grøft frå Bøahagen til elv. (2017-2018). Starta og vidareførast i 2019
- Forlenging av overvassystem på Leitekvia. (2017-2018) Ikkje starta, men vidareførast i 2019
- Hovudplan avløp
- Utbetring av lekkasje overvassystem gbnr. 58/44, Kreklingen
- Utbetring av skader – utsleppslinjer kloakk.
- Luktjerning og spyleanlegg Loen RA

Kommunedelplan for avløp og overvatn er her forankra politisk. Planen skal byggje på dei punkta som er vedtekne og skildre strategiar og løysingar på desse, og andre kjende utfordringar.

## 2 RÅMER FOR PLANARBEIDET

### 2.1 NASJONALE FØRINGAR

Stryn kommune si avløps – og overvasshandtering må innfri krava i overordna regelverk, dei mest sentrale her er forurensingsforskrifta og vannforskrifta.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Vestland frå 01.01.2020) er mynde etter kapittel 14 i forurensingsforskrifta. Dette kapittelet gjev føringar for utslepp til vassressursar som kan verte sentrale i planarbeidet.

Plan – og bygningslova gjev retningslinjer for prosessen med å utforme ein tematisk kommunedelplan.

### 2.2 REGIONALE FØRINGAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp vassdirektivet. Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vart vedteken i 2015 saman med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. I botn ligg det eit generelt mål om at alle vassførekomstar skal ha minimum «god» miljøtilstand.

Fylkeskommunen kartlegg tilstanden til vassressursane og sett mål for forbetring av desse. Dette arbeidet skjer i samarbeid med kommunane. Kommunedelplan for avløp og overvatn skal skildre Stryn kommune sitt arbeid på dette området.

## **2.3 KRAV OM KONSEKVENsutGREIING**

Kommunedelplanen kjem i utgangspunktet ikkje til å føre til endringar i arealbruk utover dei områda som allereie er sett av i kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplanen utløyser derfor ikkje krav om konsekvensutredning jfr. «forskrift om konsekvensutredning» (2009).

## **2.4 SAMFUNNSTRYGGLEIK**

Det skal som utgangspunkt utførast ROS analyse i kommunedelplanane for å vurdere potensielle uønska hendingar og konsekvensane av desse. Metodikken må tilpassast lokale forhold og innhaldet i planen. Analysen må byggje på beste tilgjengelege kunnskap og dokumentasjon og gjennomførast i samsvar med hovudprinsippa i NS5814: «Krav til risikoanalyser».

# **3 PLANPROSESSEN**

## **3.1 ORGANISERING**

Planarbeidet vert utført av Stryn kommune. Det er nedsett ei arbeidsgruppe med følgjande deltakarar:

- Jan B. Flore, Stryn kommune
- Sigurd Muldsvor, Stryn kommune
- Jørgen D. Eikenes, Siv. Ing. Tobias Dahle As
- Tobias Dahle, Siv. Ing. Tobias Dahle As

Siv. Ing. Tobias Dahle As er plankonsulent og skal utføre tekniske utgreiingar, økonomiske vurderingar og lage utkast til kommunedelplan. Arbeidsgruppa skal ha ein jamn og tett kontakt undervegs i prosessen med å lage planen. Det er ikkje oppretta styringsgruppe. Kommunalsjef teknisk orienterer sektorutval for tekniske saker undervegs i prosessen.

## **3.2 MEDVERKNAD**

Kommunen har hatt dialog med viktige verksemder som påverkar avløpshandteringa i kommunen. Denne dialogen skal videreførast i planprosessen.

Ved tiltak som får konsekvensar for arealbruken i kommunen skal innbyggjarar og verksemder verte informerte og oppmoda til å uttale seg.

### 3.3 FRAMDRIFTSPLAN

Kommunen legg opp til ein slik førebels framdriftsplan for planarbeidet:

Aktivitet	2019												2020											
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
Politisk handsaming av framlegg til planprogram						█																		
Høyring planprogram						█	█																	
Politisk handsaming - Fastsetjing av planprogram							█																	
Fagutgreiingar							█	█	█	█	█	█												
Utarbeiding av framlegg til kommunedelplan for avløp og overvatn													█	█	█									
Første gongs handsaming av kommunedelplan for avløp og overvatn																█								
Høyring kommunedelplan for avløp og overvatn																	█	█						
Vurdering av merknader/justering av planframlegg																		█						
Vedtak av kommunedelplan for avløp og overvatn																				█				

## 4 FRAMLEGG TIL PROGRAM FOR PLANARBEIDET

### 4.1 VIKTIGE UTFORDRINGAR

Følgjande er hovudutfordringar med avløp og overvatn i Stryn kommune:

- Overgang frå lokal reinsing til felles reinsing i tettstaden Stryn
- Loen treng ei avløpsløyse for framtida
- Halde god kontroll med og betre tilstanden til dei urbane vassressursane, dette gjeld særskilt i tettstaden Stryn
- Ruste leidningsnett for auka overvassmengder i framtida
- Separering av overvatn og kloakk
- Utbetring av eldre leidningsnett.
- Tilsyn og utbetring av mindre avløpsanlegg.
- Kommunal kloakkering av nye område.
- Lokal handtering av overvatn.

### 4.2 AKTUELLE FAGUTGREIINGAR

Følgjande utgreiingar er aktuelle i planarbeidet:

### 4.2.1 Generelt

- Omtale: Det må lagast ein oppdatert omtale av status på infrastruktur og drifta på avløp og overvatn
- Målsetjingar: Det må settast mål for avløp og overvatn, desse må bygge på andre gjeldande planar, kommuneplan samfunnsdel, aktuelt lovverk og bransjestandardar

### 4.2.2 Fagutgreiingar for avløp

For avløp spesielt skal følgande fagutgreiingar gjerast:

- Teknisk og økonomiske vurderingar av moglege løysingar for avløpsløysingar i Stryn og Loen. Desse kan sjåast i samanheng eller separat. Det må leggjast fram tekniske fordeler og ulemper med fleire ulike løysingar med tilhøyrande kostnader. Denne løysinga vil verte skildra i kommunedelplanen.
- Det skal gjennomførast eit prøvetakingsprogram av utvalde ferskvassressursar i Stryn. Desse skal analyserast. Resultata og tilrådde tiltak vert samanfatta i kommunedelplanen.
- Fornyining av avløpsleidningsnett. Dette punktet på sjåast i samanheng med punkt om framtidige avløpsløysingar. Det må lagast ein framdriftsplan for når ulike busetningsområde skal få ny infrastruktur og knytast på felles avløpsløysing.
- Påverknad på resipientar: Dagens kunnskap om resipientane for avløpet i Stryn kommune skal samanfattast og det må vurderast om ny kunnskap trengs.
- Spreidde avløp: Det er lokal handtering og utslepp av avløp mange stader i Stryn kommune. Det må lagast rutinar for tilsyn med desse og ein strategi for korleis denne delen av avløpsløysinga skal virke i framtida.
- Fleire område er aktuelle for påkopling til avløpsnettet.

## 4.3 OVERVATN – AKTUELLE FAGUTGREIINGAR

Følgjande utgreiingar er aktuelle i planarbeidet:

- Vurdering av ferskvassressursar i urbane område, dette heng saman med punkt 2 i førre avsnitt.
- Fortetting av bustadområde, gjere vurderingar knytt til endringar av vassvegar og opning/lukking av bekkar
- Fornyining av leidningsnett: Dette punktet heng saman med tilsvarande punkt i førre avsnitt. Leidningsnettet må rustast for å transportere overvatn i framtida. Det må vurderast kva dagens tilstand er og kva tiltak som er naudsynte for å møte klimaendringane på dette punktet.

## 5 INNSPEL TIL PLANEN

### 5.1 GRUNNLAGSMATERIALE

I samband med planarbeidet vil kommunen nytte opplysningar frå følgjande:

- Vannett (nettbasert database med informasjon om vassressursane i Noreg)
- Utsleppstal frå fylkesmannen og driftsdata frå Stryn kommune
- Rapportar frå synfaringar på avløpsrensaneanlegg og mindre anlegg
- Måledata frå vassprøver gjennomført i eigen regi av Stryn kommune

### 5.2 KONSEKVEN SAR AV PLANEN

Ein forventar at ved gjennomføring av dette arbeidet vil ein få eit grunnlag for modernisering av infrastrukturen for avløp og overvatn. Planen vil sikre at midlane nyttast på ein samfunnsøkonomisk best mogleg måte og at infrastrukturen i Stryn kommune vert rusta for framtida.

Planen skal sikre at vassressursar skal takast vare på, både sjø og ferskvatn. For vassressursar i urbane område vil dette føre til ei betring av nærmiljø og støtte opp om arbeidet med å lage gode rekreasjonsområde.

Planen vil føre til ei betra organisering og oversikt over avløpsrensaneanlegg og mindre anlegg for handtering av avløp. Det overordna føremålet er å redusere lekkasjar til grunnen og vassressursar, og å redusere utsleppet til fjorden og andre resipientar i Stryn kommune.

### 5.3 SLUTTPRODUKTET – KOMMUNEDELPLAN FOR AVLØP OG OVERVATN

Ein omtale av dagens tilstand til infrastruktur knytt til avløp og overvatn, saman med aktuelle delutgreiingar vil verte samanfatta i kommunedelplan for avløp og overvatn. Sluttproduktet vil òg innehalde:

- Samandrag
- Føresetnader, tilhøve til lovverk og tilhøve til andre planar
- Mål
- Strategiar, tiltak og konsekvensar
- Prioriteringar, tiltaksplan, økonomi med påverknad på gebyrutvikling
- Oversiktskart og andre naudsynte figurar

\*\*\*